Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Byglandsfjord renseanlegg	Anleggsnr.: 4220.0007.01
Kommune: Bygland	Fylke: Agder
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og reinsing	
Løyve gitt: 12. desember 2011	Sist endra:

2 Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Miljødirektoratet sin nasjonale tilsynsaksjon for avlaupsanlegg som er regulert og har løyve frå Statsforvaltaren etter forurensningsforskriften kapittel 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser*.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- overordna styring og planlegging,
- kunnskap om regelverk og myndigheitskrav
- kommuneleiinga si forståing av mål og krav og korleis dei sikrar seg god nok oversikt over eigne utslepp og påverknad på miljøet,
- kommunal planlegging og oppfølging av krav til internkontroll for ytre miljø
- korleis kommunen sikrar at avløpssystemet fungerer godt, og at krav blir overhalde både no og i framtida
- oversikt over tilstanden til avløpssystemet
- overvaking av resipienten

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.



Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kjem fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3 Oppfølging etter inspeksjonen

Bygland kommune skal innan 1. mars 2022 sende ein tidfesta framdriftsplan for korleis og når avvik nummer 1, 4 og 6 er tenkt løyste.

Bygland kommune skal innan 31. januar 2022 sende inn skriftleg tilbakemelding på korleis avvik nummer 2, 3, 5 og 7 er løyste.

Framdriftsplanen og tilbakemeldinga skal sendast til Statsforvaltaren i Agder v/Ole Martin Aanonsen på sfagpost@statsforvalteren.no.

4 Varsel om tvangsmulkt – innsending av tidfesta framdriftsplan

Statsforvaltaren varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt (jf. forureiningslova § 73) om vi ikkje mottek ei skriftleg tidfesta framdriftsplan for korleis avvika 1, 4 og 6 er tenkt løyste innan 1. mars 2022. Tvangsmulka vil påløpe dersom vi ikkje mottek ei framdriftsplan for lukking av avvika innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt er fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 100 000,-.

De har anledning til å kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren i Agder seinast to veker etter at denne rapporten er motteke.

5 Vedtak om gebyr

Vi visar til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda i e-post datert den 29. juni 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forurensningsforskriften. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.



På bakgrunn av forventet ressursbruk skal Bygland kommune betale eit gebyr på kr 50 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Det svarer til gebyrsats 5 for tilsyn med varigheit i meir enn ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Agder. Vi vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil beløp innbetalt for mykje, bli refundert.

6 Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Agder (jf. offentleglova).

7 Avvik

Statsforvaltaren fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Bygland kommune manglar overordna strategiar og styringsdokument for avløpsanlegget og kommunens avløpsarbeid.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 4 og 6.

Kommentarar

Internkontrollforskrifta § 5 nummer 6 slår fast at verksemda skal kartleggje farar og problem og utarbeide skriftlege planar for å førebyggja forureining. Det skal i tillegg vere fastsett mål for ytre miljø. Dette skal dokumenterast skriftleg med tilhøyrande frist og kven som er ansvarleg for gjennomføring.

Det kom fram ved tilsynet at kommunen over lang tid ikkje har hatt ein hovudplan og andre sentrale styringsdokument for avløpssektoren. Dermed manglar kommunen målretta og naudsynt fokus på avløpsområdet.



Kommunen opplyste under tilsynet at hovudplan for VA-området ligg i kommunens planstrategi, og arbeidet vil byrje i 2022.

Avvik 2

Kommunens miljørisikovurdering er ikkje oppdatert og har manglar.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 6.

Utsleppsløyve datert 12.12.2011 punkt 9.1.

Kommentar

I følgje internkontrollforskrifta skal kommunen ha ei skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget. Ei miljørisikovurdering skal innehalde ein kartlegging av farar og problem, og på denne bakgrunn må ein gjera ei vurdering av risiko.

Risiko som overskrid akseptkriterium skal følgjast opp i ein forpliktande handlingsplan, og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva. Risikovurderingane og handlingsplanen skal oppdaterast jamleg. Handlingsplanen skal innehalde tidsfristar og kven som er ansvarlege for tiltaka.

For Byglandsfjord avløpsanlegg vart det utarbeidd ei ROS-analyse i 2013. Ho er ikkje revidert etter dette og er ikkje nytta i kommunens daglege arbeid innan avløpsområdet. ROS-analyse manglar óg mellom anna vurderingar knytt til klimatilpassing og tanklagring av kjemikalie.

Avvik 3

Kommunens internkontrollsystem er ikkje oppdatert.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 pkt. 5 og 8.

Utsleppsløyve av 12.12.2011 punkt 2.4.

Kommentar

I internkontrollforskrifta er det føresegner om at verksemders internkontrollsystem skal gås gjennom og om naudsynt reviderast. Dette skal dokumenterast skriftleg. I løyvet er det gitt føresegner om at kommunen pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Kommunen har eit internkontrollsystem frå 2017. Dette er ikkje oppdatert etter at det sist vart revidert. Dokumentet er heller ikkje i bruk.

Det manglar skriftleg dokumentasjon på mellom anna:



- Ansvarsfordeling etter omorganiseringa i kommunen
- Ansvar for oppfølging av vilkår i utsleppsløyvet
- Ansvar for melding om driftsavvik og utslepp til kommuneleinga
- Rutinar for kommunikasjon mellom VA-personell og kommuneleinga/politisk nivå, til dømes behov for melding av tiltak og finansiering.

Avvik 4

Drift og vedlikehald av leidningsnett har manglar.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 7.

Forskrift om begrensning av forurensning (Forureiningsforskrifta) § 14-5 om avløpsnett. Utsleppsløyve av 12.12.2011 punkt 3.3.

Kommentar

Internkontrollforskrifta gir føresegner om at kommunen pliktar å ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskriding av føresegner fastsett i medhald av lovverket. I utsleppsløyvet for Byglandsfjord avløpsanlegg punkt 3.3. er det presisert at kommunen skal drive og halde ved like leidningsnett med beste tilgjengelege teknologi og fagkunnskap. Kommunen pliktar óg å utarbeide ein overordna og politisk behandla tidsplan for fornying av avløpsnett og skal ei kvar tid ha ein tiltaksplan for sanering av leidningsnett.

Alle kommunens pumpestasjonar er oppgraderte. Kommunen filma leidningsnett omkring 2008, men har ikkje oppdatert kjennskap til leidningsnettets tilhøve. Delar av leidningsnett er digitalisert, men arbeidet med digitaliseringa er ikkje systematisert.

Arbeid med saneringsplan og kartlegging av leidningsnett er ikkje gitt naudsynt prioritering.

Avvik 5

Kommunens rutinar for varsling er mangelfulle.

Avvik frå

Forskrift om begrensning av forurensning (Forureiningsforskrifta) § 14-14. Utsleppsløyve datert 12.12.2011 punkt 10.1.

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 7.

Kommentar

Forureiningsforskrifta § 14-14 og utsleppsløyvet gir føresegner om varsling til Statsforvaltaren om reinsegraden avvikar frå reinsekrava med meir enn 100%. Kravet om varsling er strengare enn vurderinga av analyseresultat i § 14-13, av di kommunen skal



varsle når utsléppskravet for enten reinseffekt eller utsléppskonsentrasjon er brotne med 100% eller meir.

Ved to tilhøve i 2020 var utsléppskonsentrasjonen for BOF over 50 mg O₂/l utan at Statsforvaltaren vart varsla.

Varsel skal sendast til sfagpost@statsforvalteren.no.

Avvik 6

Kommunen har ikkje utført resipientovervaking.

Avvik frå

Forskrift om begrensning av forurensning (Forureiningsforskrifta) § 14-9.

Kommentar

Forureiningsforskrifta § 14-9 gir føresegner om at verksemda skal overvake resipienten regelmessig. Overvakinga skal gjennomførast i samsvar med rettleiinga for klassifisering av miljøtilstand i vatn.

Bygland kommune har ikkje utført overvaking av resipienten.

Avvik 7

Kommunens system for handsaming av avvik er mangelfullt.

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 7.

Kommentar

Kommunen skal ha rutinar for kva som er eit avvik og korleis dei skal følgjast opp, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7. Føremålet med eit avvikssystem er å finne årsaka til tilhøvet og verksette tiltak for å hindre at tilhøvet gjenoppstår. Det er viktig at leiinga er involvert i oppfølginga av avvika.

Under tilsynet kom det fram at kommunen ikkje har en tydeleg oppfatning av kva som er avvik, og at berre driftsoperatørane er involverte i rapportering og lukking av avvik.

Kommunens internkontroll punkt 6.4. legg opp til at oppfølging av avvik skal utførast av ein annan enn personen som rapporterer.



8 Andre kommentarar

Forureiningslova § 18 gir Statsforvaltaren heimel til å revidere løyvet når det er gått meir enn ti år etter at det blei gjeve. Løyvet for Byglandsfjord avløpsanlegg er ti år i desember 2021.

Statsforvaltaren vil truleg be kommunen om å starte prosessen med å søke om eit nytt utsleppsløyve i 2022 eller 2023 for å ta med føresegner som er i tråd med nye forskrifter og dagens praksis i det nye løyvet.

9 Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) med underliggende forskrifter
- Forskrift om begrenning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren, datert 12.12.2011

Fra: Kjell Øyvind Berg[]
Sendt: 24.11.2021 10:57:00
Til: Aanonsen, Ole Martin[fmavoma@statsforvalteren.no]
Kopi: Fredrik Langfeldt[fredrik.langfeldt@bygland.kommune.no];Ingar Ståle
Lindsetmo[Ingar.Lindsetmo@bygland.kommune.no];Trond
Skjeggedal[trond.skjeggedal@bygland.kommune.no];John Salve
Sigridnes[John.Salve.Sigridnes@bygland.kommune.no];
Tittel: SV: Utkast til tekst til tilsynsrapport

Viser til e – post motteken 12/11-21, og gjev med dette nokre kommentarar til utkastet.

Avvik nr 1:

«Bygland kommune manglar overordna strategiar og styringsdokument for avløpsanlegget og kommunens avløpsarbeid».

BK sin kommentar

Sette tidsfrist innan 1/3-2022 med tilbakemelding på korleis avviket kan bli lukka vil gå greitt. Å lukke sjølve avviket vil take lengre tid. Me vil vere avhengige av at føreslegne budsjettsum a kr 250 000,- i 2022 blir vedteken. Dette for å få inn ekstern hjelp til å gjennomarbeide eit overordna VA - dokument. Det vil ikkje vere mogleg å lage eit overordna VA – dokument innan 1/3-22, men me ønskjer å synleggjere at det vil bli arbeid med gjennom 2022.

Avvik nr 2:

«Kommunens miljørisikovurdering er ikkje oppdatert og har mangler».

BK sin kommentar

Sette tidsfrist innan 31/1 – 22 skal gå greitt. Grunnlagsdokumenta har me, men det har ikkje blitt prioritert å oppdatert. VA – stillinga som sørga for desse dokumenta eksisterer ikkje lengre i organisasjonen. Det pågåande arbeidet med nytt delegeringsreglement vil liggje til grunn for fordeling av ansvar på dette området.

Avvik nr 3:

«Kommunens internkontrollsystem er ikkje oppdatert».

BK sin kommentar

Sette tidsfrist innan 31/1-22 skal gå greitt. Elles kommentar som for avvik 2. Rutine om at 2 personar skal lukke avvik er allereie påstarta. Me tek sikte på å nytte internkontrollsystemet Compilo, som allereie eksisterer i organisasjonen.

Avvik nr 4:

«Drift og vedlikehald av leidningsnettet har manglar».

BK sin kommentar

Sette tidsfrist innan 1/3-2022 med tilbakemelding på korleis avviket kan bli lukka vil gå greitt. Å lukke sjølve avviket vil take lengre tid. Me vil vere avhengige av at føreslegne budsjettsum a kr 250 000,- i 2022 blir vedteken. Dette for å få inn ekstern hjelp til å gjennomarbeide eit overordna VA - dokument.

Avvik nr 5:

«Kommunens rutinar for varsling er mangelfulle».

BK sin kommentar:

Sette tidsfrist innan 31/1-21 skal gå greitt. Arbeidet med å lage ei skriftleg rutine for desse tilfelle er i gang.

Avvik nr 6:

«Kommunen har ikkje gjennomført respirentovervåking».

BK sin kommentar:

Tematikken blir teken opp i overordna VA – plan jf tidlegare kommentarar. Ein vil vere avhengig av løyvde midlar til ekstern uavhengig kompetanse for å kunne utføre pålegget.

Avvik nr 7:

«kommunens system for handsaming av avvik er mangelfullt».

BK sin kommentar

Sette tidsfrist innan 31/1-21 skal gå greitt. Arbeidet med å lage ei skriftleg rutine for desse tilfella er i gang.

Generell kommentar:

Avvik nr 3, 5 og 7 oppfattar ein som ganske like. Det handlar om å etablere og forankre eit felles system som kan nyttast i det daglege, og som alle i organisasjonen forstår verdien av.

Avvik nr 1, 2, 4 og 6. Dette er avvik som må forankrast i ein overordna plan som prioriterer rekkefølge for gjennomføring og som må sjåast i samanheng med kommunen sitt budsjett – og økonomiplanlegging.

I samla vurdering skriv dykk m a:

«Bygland kommune har over tid ikkje hatt naudsynt **fokus** på å arbeid framtidsretta med avløpsarbeid og å overhalde føresegnene i utsleppsløyvet for forureiningsforskrifta»

Me ynskjer at orda **fokus på å arbeide framtidsretta** blir bytta ut med «**kapasitet til å arbeide målretta nok med overordna avløpsarbeid**». Dette grunngjev me utifrå at det har vori mykje fokus på avløpssektoren gjennom store investeringar innan avløpssektoren gjennom mange år. Fokuset kan synleggjerast ved å sjå rekneskapstal og fysiske / teknisk og praktiske tiltak som vil ha levetider på inntil 40 år.

Med venleg helsing

Kjell Øyvind Berg

Tenesteleiar drift og forvaltning

M +47 91 86 34 03 | **T** +47 37 93 40 52 | **E** kjell.oyvind.berg@bygland.kommune.no

Bygland kommune Kommunehuset 4745 Bygland

E post@bygland.kommune.no | +47 37 93 47 00 | www.bygland.kommune.no

Fra: Aanonsen, Ole Martin <fmavoma@statsforvalteren.no>
Sendt: fredag 12. november 2021 14:19
Til: John Salve Sigridnes <John.Salve.Sigridnes@bygland.kommune.no>
Kopi: Kjell Øyvind Berg <kjell.oyvind.berg@bygland.kommune.no>
Emne: Utkast til tekst til tilsynsrapport

Hei igjen, og takk for sist.

Vedlagt ligger presentasjon med utkast til tekst til tilsynsrapport, jf. sluttmøtet som ble avholdt på Teams den 26. oktober.

Vi ber om at dere går gjennom teksten og kommer med kommentarer til eventuelle faktafeil innen **26. november 2021**. Dersom dere ikke gir tilbakemelding innen 26. november, vil teksten bli benyttet i den endelige tilsynsrapporten.

Vi har også varslet av vi vil vedta tvangsmulkt dersom ikke en tidfestet handlingsplan er sendt inn til oss innen tidligere avklart tidspunkt. Vi ber om at dere gir eventuelle kommentarer til varselet innen **26. november 2021**.

Med vennlig hilsen
Ole Martin Aanonsen
seniorrådgiver



Statsforvalteren i Agder

Telefon: 37 01 78 51
E-post: fmavoma@statsforvalteren.no
Web: www.statsforvalteren.no/ag

Fra: [Post - Bygland kommune](#)
Til: [Inger Lise Austrud](#)
Emne: VS: Til Kontrollutvalet i Bygland kommune for vurdering.
Dato: torsdag 25. november 2021 07:44:56
Vedlegg: [Vedlegg 1.pdf \(1\).pdf](#)
[Vedlegg 2.pdf \(2\).pdf](#)

Hei

Denne e-posten kom til post@bygland.kommune.no.

Eg er litt usikker på korleis eg skal forhalde meg til den, men sender den til deg.
Er det korrekt?

Med venleg helsing
Jorunn Sørлие Tveiten
Arkivleiar

T +47 37 93 56 74 | E jorunn.tveiten@bygland.kommune.no

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland
E post@bygland.kommune.no | +47 37 93 47 00 | www.bygland.kommune.no

Fra: Knut William Bygland <bygland@online.no>
Sendt: onsdag 24. november 2021 21:01
Til: Post - Bygland kommune <post@bygland.kommune.no>
Kopi: odbj@nve.no
Emne: Til Kontrollutvalet i Bygland kommune for vurdering.

Til Bygland kommune
Kontrollutvalet

ANG. FORSLAG TIL ENDRING I STRID MED STRANDSONEPLANEN.

Er ikkje dette ein merkelge og uheldig framgangsmåte? Fysst at kommunen sjølv fyreslår dette so i strid med Strandsoneplanen, deretter får dei andre kommunane med seg på dette. Og til sist gjer eit vedtak om ytterlegare ein halvmeter ned i formannskapet som ikkje er gjort om. Det siste står fortsatt og skaper uro blant fleire sjølv om det ikkje er baka inn i revisjonsdokumentet.

Ein an skjøne at revisjonsdokumentet er eit omfattande dokument og at mang ein kan fort miste oversikten og tråden. Men her er ein gjort merksam på dette utan at det er retta opp. Då dette berører mange som er veldig opptatt av det, vil ein høyre Kontrollutvalet si meining på dette dersom det er ei sak for dei. Alternativet er å sende fyrespurdnaen til Statsforvaltaren.

Mvh
Knut William bygland

Fra: Knut William Bygland
Sendt: 24. november 2021 17:09
Til: 'nve@nve.no' <nve@nve.no>

Kopi: 'post@bygland.kommune.no' <post@bygland.kommune.no>; 'post@lundogco.no' <post@lundogco.no>

Emne: Uttale til revisjonsdokument for regulering av Otravassdraget

Til NVE

Uttale til revisjonsdokument for regulering av Otravassdraget – dykkar ref. 201702382-29 med høyringsfrist 1. desember 2021

Ein visar til underteikna sitt brev av 17.02.2021 (vedlegg 1) og vil bare uttale seg om den delen som gjeld å senke fjorden under kote 202,00 i sumarsesongen og eventuelt utvide denne.

Ein finn dette forslaget underleg og lite gjennomtenkt og må oppfattast som ein dispensasjon frå gjeldande Strandsoneplan i Bygland.

Underleg fordi Bygland kommune, godt støtta av dei andre kommunane, her fyreslår eit tiltak stikk i strid med klare ynskje og føringar i den relativt nye Strandsoneplanen i Bygland stadfest 05.05.2015 på dette punkt (sjå vedlegg 2). Ein plan som var grundig ute på høyring og skal vere eit verktøy for alle i plan- og byggeprosessar.

Lite gjennomtenkt mht konsekvensar. Ein vil her vise til alle dei innvendingane der kom bare for å tappe ned fjorden i eit par veker i 1992 (Kunngjort i Fedrelandsvennen 2.3.1992). Bare for dette korte tiltaket kom der inn så mange protestar at KEV måtte finne ei annan løysing for å gjere dei utbetningsarbeida på Steinsfoss/Nomeland kraftstasjon. Og i dette tilfellet er det snakk om permanente endringar som vil ha store negative konsekvensar for bl.a. båt-, hytte- og næringsliv rundt Byglandsfjorden. Dei positive verknadane står ikkje i høve til dei negative.

Ein finn det nok her å framheve Bygland kommunes eige ynskje nedfelt i Strandsoneplanen av 2015:

«På denne bakgrunn tilrår Bygland kommune at regulanten Otteraaens Brugseierforening (OB) lyt halde sommarvasstanden i Byglandsfjorden på kote 202,3 så sant det let seg gjere utifrå nedbør/avrenning og vassføring i Otravassdraget.»

Forslag:

- 1. *Strandsoneplanen på dette punkt må gjelde og kan ikkje endrast som noko «mindre endring», men kun med full høyringsrunde..***
- 2. *Kote 202,3 bør takast inn som ei endring i Manøvreringsreglementet av 3. oktober 2003, 4. avsnitt som har oppfordring i dag om å halde fjorden om sumaren mest mogleg på kote 202,5. Men uansett inga endring på å tillate under kote 202,0.***
- 3. *Skal sumarsesongen (vårflaumens kulminasjon – 1. september) utvidas bør dette***

utgreiast med ei konsekvensutgreiing på kva det kan ha å seie bl.a. for flaumfaren med å ikkje tappe fjorden tidsnok. Ein minner om at «vårflaumens kulminasjon» dei seinare åra har vore veldig variert – alt ifrå 10. april til nærare 1. juni det same med kva tid haustflaumane set inn.

-
Ein vil her bruke Statsforvaltaren i Agder sine egne ord i samband med ein uttale 1.3.2021 om å fråvike Strandsoneplanen i Bygland:

«Statsforvaltaren finn det generelt sett uheldig å dispensere frå arealplanar. Slik planer er normalt kome til etter ein omfattande og grundig prosess, og vesentlege planføresetnader bør ikkje fråvikast ved enkeltdispensasjonar.»

-
Kommunane bør derfor omformulere sitt krav i samsvar med vedtatt Strandsoneplan alternativt endre Strandsoneplane fyrst etter grundig prosess.

På vegne av

**Dalskilen AS (Hyttegrend med 40 tomter)
Setesdal Resort AS (Setesdal Hotel og Bygland Fjordhytter)
Reiårsfossen Velforening (120 hyttetomter/40 hytter)**

Knut William Bygland

**Kopi: 1. Otteraaen Brugseierforening v/Grunde Johnsen
2. Kommunane (kravstillar) v/adv.firma Lund&Co DA**

-

Til Bygland kommune
Sentrum 18, 4745 BYGLAND
post@bygland.kommune.no

17.02.2021

VEDK. KRAV OM REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR I OTRAVASSDRAGET.

Saka:

Visar til fellesbrev av 20. mars 2018 ifrå Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand om krav om revisjons av konsesjonssvilkår i Otravassdraget. Ein er kjend med at NVE har åpna vilkårsrevisjon på bakgrunn av dette.

Mange grunneigarar og andre som blir berørte, vart fyrst kjend med dette kravet i samband med at Bygland formannskap gjorde eit vedtak i denne saka den 3. februar 2021 som gjeld ytterlegare tapping av Byglandsfjorden utan å ha saka ute på høyring.

Ein visar til revisjonskravet sitt pkt. 4.3 «Vannstand og minstevassføring» og problem med «smekkkfull» fjord om sumaren med påfylgjande problem med båtane og bryggeanlegg og tap av badestrender.

Og så til kommunanes to forslag til tiltak for å bøte på dette - pkt 3.4.2, samt 6.2.24 og 25 :

- Sommervannstanden skal holdes på nivå 201.5 – 202.5.
- Perioden for sommervannstand utvides med 1 måned om høsten, slik at den gjelder 1. mai til 30.september.

Kommentar:

Då desse to punkta har store innverknader på både næringsverksemd ved fjorden, båtliv og eksisterande badeplassar hadde ein sett det som naturleg at kommunen hadde sendt ut dette på høyring til berørte partar før forslaget vart fremja.

Her kan ein bl.a. nemne tap av eksisterande badeplass med gunstig badetemperatur påkosta nerare ein million kroner (Ose), 120 eksisterande og planlagte brygger som ikkje kan brukast (Ose), problem/umogeleg for D/S Bjoren å legge inntil brygge (Setesdal Hotel) med fare for å øydelegge kommunal vass- og kloakkleiing, utradering av båt plassar og mange nye skjer som poppar opp og reduserer adkomst i båtsesongen (Langenes og Hagenes) m.m.. **Om dette vil den einskilde part kome med sine innspel.**

Når det gjeld innspelet frå kommunane på desse punkta så er intensjonen veldig bra.

Vi er alle samde i at me ikkje ynskjer «smekkkfull» fjord i sumarasesongen – me ynskjer best mogelege badestrender.

At fjorden har vore så mykje høg dei siste åra, har ein forstått at har vore mykje på grunn av ekstraordinære vedlikehaldsarbeid på nedanforliggjande kraftstasjonar og at dette no er meir eller mindre ferdig. **Men me må ikkje løyse eit problem med å skape ti nye.**

Ei ytterlegare og kanskje meir forpliktande presisering av Manøvreringsreglementet for regulering av Otravassdraget (siste fastsett 3. oktober 2003) pkt 1, bør vere eit passande virkemiddelet ein kan bruke:

«Regulanten oppfordres til å søke vannstanden på kote 202,5 i Byglandsfjorden i perioden frå vårflaumens kulminasjon og ut august månad»

Dette kanskje med ein mogeleg nedjustering med 10-20 cm mot det idielle hvis mogeleg.

For mange vil ei nedtapping under kote 202,0 , uansett om det er 0,5 eller 1,0 meter ned,

skape mange store negative konsekvensar.

Når det gjeld utviding med å ha «sommervannstanden» utvida med september, så er dette bra for båttrafikken, men ein vil vise til faren for flaum ved tidleg haustregn - spesielt i Øvre del av Byglandsfjorden. Ein vonar at kravet om det 3. løpet ved Storestraum kan få gjennomslag. God reguleringa skånar oss generelt for mykje flaum.

Det vert vist til 1. mai som skal vere forlenging av «sommervannstand» før sommaren. Dette må vel vere ei mistyding? Her er det vel vårflaumens kulminasjon som tel og det kan jo vere **alt ifrå rundt 1. juni til 10. april**, sistnemde dato hadde me for få år sidan. Her må den årlege snøsmeltinga vere retningsgjevande av omsyn til flaumsituasjonen som er verst utsett i Øvre del av Byglandsfjorden (Nord for Storestraum).

Men er ein godt forberedt til å take i mot flaum ved rask nedsenking i forkant, så vil ein klart kunne tøyge perioden for sommervannstanden slik at ein kan lengre praktisere båtlivet i fjorden til glede for mange. Dette er spørsmål om regulantens vilje til å take utfordringar.

Oppmoding:

Ein ber difor om at fylgjande vert sett på varslingsliste for uttale før endeleg høyring slik NVE lar oss gjere:

FRÅ BYGLANDSFJORDENS ØVRE DEL:


1. Reiårsfossen Velforening v/ formann Ingvar Birkeland, epost: ingva-bi@online.no (repr. Ca 120 tomter/hytter)
2. Reiårsfossen Camping v/ eigar Knut Olav Dalen – knut.olav@norblokk.no
3. Støylehommen Camping v/ eigar Arnt Magnar Stokka – arntstok@online.no

FRÅ BYGLANDSFJORDENS NEDRE DEL:

4. Setesdal Resort AS (Setesdal Hotel mm) v/styreformann Knut William Bygland – setesdalresort@gmail.com
5. Hagenes Velforening v/formann Terje Wennerberg – terjewennerberg@gmail.com (repr. Ca 25 hytter)
6. Langenesøya velforening v/ formann Jan Martin Robertsen – janmartinrobertsen@gmail.com (repr. 21 hytter + 12)
7. Dalskilen AS v/styreformann Knut William Bygland – email: bygland@online.no (40 tomter & brygge)

Også Bygland Båtforening v/ Tor Kasin – email: torkasin@online.no kan setjast på denne lista da saka var ukjent for dei også. Det samme gjeld Byglandsfjord båtforening v/Einar Gudmundsen – einargud@frisurf.no

Med venleg helsing



Knut William Bygland

- Kopi: 1. Alle på lista ovanfor
 2. NVE ved sakshandsamar Oda Bjærke - odbj@nve.no
 3. Otteraaen Brugseierforening v/ Grunde Johnsen - grunde.johnsen@otrakraft.no
 4. Kommunane (kravstiller) v/ Adv.firma Lund & Co DA - post@lundogco.no

Strandsoneplanen tek tak i desse problemstillingane og opnar for større grad av lokal avgjerd av byggesaker innafor definerte rammer; jf. vedtekter og retningslinjer.

Tiltak i strandsona

Inntil og i nærleiken av vassdraget er det ei rekke inngrep og tiltak som alt er gjennomført i sona med byggegrenser; jf. kommuneplanen og etablerte reguleringsplanar.

Nokre av tiltaka er av gamal årgang og såleis etablert før det var regulering via lovverk.

Andre tiltak kan vere klarerte i tidlegare tider under mindre restriktivt lovverk, medan det også finst enkelte tiltak og byggverk som er utført utan naudsynt godkjenning.

I den grad prosessen med strandsoneplanen avdekkjer bygg eller tiltak som kan reknast som ulovlege, skal det følgjast opp i særskilt sak jf. plan- og bygningsloven (pbl).

Når det gjeld brygger og liknande i strandsona, peikar planen på mogelege fellestiltak.

Felles bryggeanlegg for dei fastbuande og hytteområda kan gjerne kombinerast med offentlege friområde, badeplassar og fiskeplassar. Strandsoneplanen skal ha eit langsiktig perspektiv og legge til rette for allmenta, i eit godt samspel med grunneigarane og dei fastbuande.

Det skal vere mogeleg å ta i bruk dei vakre områda ved fjorden til utvikling og utbygging i ein berekraftig balanse med naturomsyn og naturvern.

Regulering i vassdraget - estetikk, fisk og krypsivproblematikk

Høgaste regulerte vasstand (HRV) for Byglandsfjorden er kote 203,0 m.o.h. (meter over havet)

Lågaste regulerte vasstand (LRV) er 198,0 m.o.h.

Lågaste regulerte sommarvasstand er 202,0 m.o.h. (etter vårflaumen - til 1. september).

Det er mange naturlege sandstrender langs vassdraget som vert nytta til bading og friluftsliv. Sommarvasstanden i Byglandsfjorden bør av den grunn ikkje vere for høg, slik at strendene kjem under vatn.

Manøvreringsreglementet gjev høve til at sommarvasstanden kan pendle 1,0 meter mellom kote 202,0–203,0. Av omsyn til strendene og det generelle estetiske landskapsinntrykket bør sommarvasstanden haldast på den lågaste halvmeteren; dvs. mellom kote 202,0-202,5.

På denne bakgrunnen tilrår Bygland kommune at regulanten Otteraaens Brugseierforening (OB) lyt halde **sommarvasstanden i Byglandsfjorden på kote 202,3** så sant det let seg gjere utifrå nedbør/avrenning og vassføring i Otravassdraget.

I gytetida for bleka har lågaste vasstand dei seinare år vore fastsett til kote 200,5 i perioden mellom 20. november-20. desember. Mykje nedbør og haustflaumar vil kunne føre til at dette ikkje er mogeleg å etterkome. Men den vasstanden som vert registrert i denne perioden (kvart enkelt år), skal ikkje underskridast i tida fram mot klekking av blekerogn (mai/juni) for å unngå at rogn skal bli turrlagd.

Etter råd frå Blekeprosjektet (UiB) vert det f.t. gjort forsøk med vasstand på kote 201,5 i gytetida. Ein vil med dette finne ut om fleire gyteområde på grunnare vatn kjem i bruk.

NVE har gjeve løyve til dette, og forsøket vert evaluert i 2013.

Etter ny kunnskap er gytetida no definert som heile desember månad.